



Aktivitetshuset er snart fullført etter ein imponerende dugnadsinnsats. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Flaskepantordninga som SPAR Uskedalen har starta er ei svært god løysing for Aktivitetshuset, skriv styreleiar Erlend Moen i årsrapporten.

Mange uskedelinger og kanskje også andre legg pantelappane sine i samlekassa ved flaskepantautomaten i staden for å ta pantepengane sjølve. I fjor kom det inn 26.450 kroner til det gode føremålet på denne måten.

- Det er god grunn til å gje både SPAR Uskedalen og alle dei gode givarane stor takk, skriv Moen.

Ellers i rapporten står det om utleige at hallen har vore fast utleigd kvar dagar gjennom heile året til idrettslaget og skulemusikken. Men det er framleis mykje ledig tid fredag kveld og i helgene.

Trimrommet har vorte ferdigstilt i løpet av året og er no klart til å fyllast med trimapparat og aktivitet. Arbeidet med slutføring av garderobane er i full gang og kiosken nærmar seg også ferdigstilling. Damevennene har investert i kjøkeninnreiing og anna utstyr som skal monterast. Ein del av arbeidet er ferdig og resten skal gjerast ferdig saman med garderoben.

Golviet vart vaska, pussa og lakka med sju strøk i fjor sommar. Resultatet vart svært bra og det vart spara 30.000 kroner i arbeidspengar på denne dugnaden. Det er merka opp banar på nytt, for volleyball, basketball og minihandball. Det vart kjøpt inn to minihandballmål som har vore flittig brukt av både store og små – til både handball og fotball.

Av Ola Matti Mathisen